


Hovudpunkt - oppsummering frå grupperarbeid

Konferanse plan- og byggesaker 17. oktober 2013



1. Kva grep kan næringslivet gjera for å bidra til betre sakshandsaming innanfor plan- og byggesak?
2. Kva grep kan kommunane gjera for å bidra til betre sakshandsaming innanfor plan- og byggesak?
3. Korleis skal kommunar og næringsliv saman arbeide for at me skal bli endå betre på plan- og byggesaker, og kva tiltak/prosessar kan vera eigna i forhold til dette?
4. Forslag til andre tiltak – gjerne basert på innspel som er kome fram i løpet av dagen?



Kva grep kan næringslivet gjera for å bidra til betre sakshandsaming innanfor plan- og byggesak?

Generelt	<ul style="list-style-type: none"> a. Profesjonalisera søkjarrolla – mindre føretak kan bruka større føretak i søknadsprosessen b. Fleire selskap kan gå saman og engasjera nokon som kan kvalitetssikra søknadar før dei går til kommunane c. Velja gode plankonsulentar
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> d. Sørgja for betre og oppdatert lovverk e. Ha større kunnskap og kompetanse på lovverk f. Kunne reguleringsplanane betre. Studera gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande kart før vidare planlegging g. Generell kompetanseheving (oppdatering, opplæring, kurs)
Søknad	<ul style="list-style-type: none"> a. Bruke Byggsak og «startpakke» (www.bing.nu) b. Levera fullstendige og ryddige søknadar som er tilpassa situasjonen og som har med nødvendige saksopplysningar c. Omforrent sjekklister med kommunane d. Legga ved kvittert sjekklister saman med byggesak / plansak e. Kvalitetssikringa søknaden på ein god måte før innsending f. Ha med fylgjeskriv som på ein god måte beskriv tolkingar
Dialog / kontakt / anna	<ul style="list-style-type: none"> g. God og tett dialog med kommunen. Ta initiativet til tidleg dialog. h. Aktiv bruk av førehandskonferanse i. Be om møte for å gjennomgå søknad før innlevering j. Opplysa om saksstatus undervegs i planprosessen

Kva grep kan kommunane gjera for å bidra til betre sakshandsaming innanfor plan- og byggesak?

Generelt	<ul style="list-style-type: none"> a. Likare praksis mellom kommunane b. Betre tilrettelegging for formidlingskunnskap frå kommunane si side c. Standardisera arkiv og sak d. Bruka tenestebaserte oppgåver i kommuneportalar e. Informasjon om kva som føregår innan faget i regionen
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> f. DIBK, byggsøk g. Bruk av Byggsøk
Søknad / plan	<ul style="list-style-type: none"> h. Sørgja for at reguleringsbestemmelser er gode og forstålege i. Bruk av KP til å overstyra gamle utdaterte planar j. LNF-området i KDP bør beskrivast med kva som faktisk er mogleg å gjera med eksisterande bygg k. Felles mal og sjekklister i regionen og bruka desse aktivt. l. Rutinar – på innhenting av godt informasjonsgrunnlag m. Utarbeida mal og sjekklister i dialog med næringslivet n. Gjennomføra oppstartsmøte / førehandskonferansar o. Sjå gjennom og kommentera søknadar så tidleg som mogeleg p. Ring undervegs og still spørsmål

Dialog / kontakt / anna	<ul style="list-style-type: none"> a. Opningstider – direkte dialog med sakshandsamar. Meir tid til å møta kunden gjennom dialog og rettleiing. Vera tilgjengeleg b. Bidra til meir bruk av dialog c. Meir aktiv bruk av telefon og e-post for å kutta ned på sakshandsamartida d. Vera meir løysingsorientert e. Bruk av hospitering f. Sponheim-prinsippet, kommunen må tørra å ta ei avgjerd g. Organisera i større avdelingar - felles byggesaksavdeling i Nordhordland h. Ved oppstartsmøte – ta med andre fagavdelingar og -personar frå kommunen (landbruk, veg, teknisk m.v.)
Korleis skal kommunar og næringsliv saman arbeide for at me skal bli endå betre på plan- og byggesaker, og kva tiltak/prosessar kan vera eigna i forhold til dette?	
Generelt	<ul style="list-style-type: none"> a. Godkjenningsordning for planfremjar b. Etablere semje om forventningar til spelereglar og handlingsrom c. Bruka næringsjef i overordna planar? d. Levande portaler med toveis kommunikasjon e. Bruka geointeraksjonstandard, geosynkroniseringsstandard,
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> f. Årleg fagdag i regionen g. Halda seg oppdatert på dei same kursa (Storefjellkurset) h. Felles kurs for utfylling av søknadar i. Utvikla infoland (nye produkt, pakkar, andre aktørar enn meglar)
Søknad / plan	<ul style="list-style-type: none"> j. Standardisering av søknadar k. Fleire tidlege avklaringar l. Omforrent sjekklister m. Andre enn byggesakshandsamar kan handsama deler av planane
Dialog / kontakt / anna	<ul style="list-style-type: none"> n. God dialog og betre tilgjengelegheit frå begge partar, uformelle møte mellom partane o. Kommunane må etablere forum / møteplass for rettleiing og ha regelmessige møte p. Faglege møte på byggesaksnivå q. Gjensidig respekt – klare roller og ærleg og tydeleg kommunikasjon
Forslag til andre tiltak – gjerne basert på innspel som er kome fram i løpet av dagen?	
Innspela er putta inn i dei andre rubrikkane.	